



MØTEPROTOKOLL

Utval: Utvalet for oppvekst og omsorg
Møtedato: 12.09.2012
Møtetid: 15:00 - 19:30
Møtestad: Kommunehuset

Av 5 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:

Andre som var til stades på møtet:

Skule&bhg fagleg ans.K.H. Steinsland sak 18-23/12. Ass rådmann Våge under heile møtet

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	<p><u>Senter for funksjonshemma:</u> Rådmann Ramsli orienterte vedk. notat om funksjonshemma, og at dette blir eit prosjekt der rådet for funksjonshemma blir ein sentral part i lag med prosjektgruppa. Direkte pårørande bør verte trekt med i høyringar som brukarrepresentantar. OO er styringsgruppe. Utvalet sluttar seg til organiseringa. Utvalet ønskjer ei sak via OO til kommunestyret i november på lokalisering av aktuelle areal/lokale som lar seg raskt realisere.</p> <p><u>Tv-aksjonen</u> . I 21. okt. 2012 vil innsamlinga gå til Amnesty. Leiar: Eva Hellevang. Medl.gruppe: Liv Berit Befring, Odd Lønnebakken, Karl Bård Kollbotn</p>
Utvalet sitt kvarter:	<p><u>Eva Hellevang</u> (H) orienterte om at Juryen har vedteke namnet på ny barnehagen: Vassloppa. Grunngeving – noko lite som hoppar og sprett i vasspyttane.</p> <p><u>Liv Berit Befring</u> (Ap): Stilte spørsmål om status for musikkbinge. Ass.rådmann orienterte om at det er søkt om tilskot og at det vil komme ein bingje på Gjerde ved Samnanger barneskule.</p> <p><u>Sigmund Dyrhovden</u> (Krf) stilte spørsmål om urett mot innvandrarar og barn i ei barnevernsak. Ass.rådmann orienterte om at det er kommunestyret som har direkte ansvar for barnevernsleiar og saker i barnevernet (jfr Delegasjonsreglementet). Dyrhovden vart oppmoda om å kome med skriftleg spørsmål på <i>generelt</i> grunnlag til kommunestyret.</p>

Dokument utlevert i møtet:	Uttale Næringsalliansen til sak 21/12 sendt ut på Ipad.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 18.09.2012

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
018/12	12/543	Faste saker	
019/12	12/328	Kommunalt foreldreutval (KFU) 2012-2015	
020/12	12/534	Internasjonalt samarbeid 2012 - 2015	
021/12	12/479	Skolebruksplan for Hordaland fylkeskommunen 2012 - 2025	
022/12	11/502	Avtale med Syns og Audiopedagogisk Teneste - Hordaland 2013-2016	
023/12	12/224	Godkjenning av Plan for folkehelse i Samnanger kommune	
024/12	09/351	Søknad om økonomisk støtte til Samnanger skulemusikklag	

SAKNR. 018/12
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

12.09.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Utvalet sitt kvarter: Eva Hellevang (H) orienterte om at Juryen har vedteke namnet på ny barnehagen: **Vassloppa**. Grunngeving – Loppe til lite som hoppar og sprett i vasspyttane.

Liv Berit Befring (Ap): Status for musikkbinge. Ass.rådmann orienterte om at det er søkt om tilskot og at det vil komme ein binge på Gjerde ved Samnanger barneskule.

Sigmund Dyrhovden (Krf) stilte spørsmål om urett mot ei innvandramor og barn i ei barnevernsak – ass.rådmann orienterte om at det er kommunestyret som har direkte ansvar for barnevernsleiar og saker i barnevernet. Dyrhovden vart oppmoda om skriftleg kome med spørsmåla på generelt grunnlag til kommunestyret.

OO-018/12 VEDTAK:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent

Protokollen frå førre møte vert godkjent

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 019/12

KOMMUNALT FORELDREUTVAL (KFU) 2012-2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Spørsmålet om det skal opprettast KFU i Samnanger kommune vert sendt til høyring i FAU på Samnanger barneskule og Samnanger ungdomsskule.

Grunngeving for evt. oppretting av KFU er oppmoding frå FUG og KD som ser at dette kan skapa eit større engasjement blant foreldre for utvikling av eit godt læringsmiljø.

KFU Samnanger vil få ansvar for problemstillingar av prinsipiell karakter som er viktige for utvikling av skulen i Samnanger.

Kvart FAU bør som eit minimum vera representert i KFU med eit medlem.

KFU rapporterer til utval for oppvekst og omsorg v. rådmannen. Det vert lagt opp til to møte pr. år med skulefagleg ansvarleg.

12.09.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

OO-019/12 VEDTAK:

Spørsmålet om det skal opprettast KFU i Samnanger kommune vert sendt til høyring i FAU på Samnanger barneskule og Samnanger ungdomsskule.

Grunngjeving for evt. oppretting av KFU er oppmoding frå FUG og KD som ser at dette kan skapa eit større engasjement blant foreldre for utvikling av eit godt læringsmiljø. KFU Samnanger vil få ansvar for problemstillingar av prinsipiell karakter som er viktige for utvikling av skulen i Samnanger. Kwart FAU bør som eit minimum vera representert i KFU med eit medlem. KFU rapporterer til utval for oppvekst og omsorg v. rådmannen. Det vert lagt opp til to møte pr. år med skulefagleg ansvarleg.

SAKNR. 020/12 INTERNASJONALT SAMARBEID 2012 - 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.....

12.09.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Sigmund Dyrhovden (Krf) sette framfølgjande framlegg:
” Nye medlemmer til styringsgruppa for internasjonalt engasjement vert valde. Samnanger kommune ved styringsgruppa for internasjonalt engasjement initierer ev nye prosjekt. Dette krev at ressursar vert sett av, både på kommune- og einingsnivå. Samarbeid med Sigowet District held fram som kulturprosjekt.”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Fram til kommunestyret sjekkar utvalet ut kva personar som er aktuelle til styringsgruppa (3 politisk valde og 2 frå administrasjonen).

OO-020/12 VEDTAK:

- Nye medlemmer til styringsgruppa for internasjonalt engasjement vert valde.
- Samnanger kommune ved styringsgruppa for internasjonalt engasjement initierer ev nye prosjekt. Dette krev at ressursar vert sett av, både på kommune- og einingsnivå.
- Samarbeid med Sigowet District held fram som kulturprosjekt.

SAKNR. 021/12 SKOLEBRUKSPLAN FOR HORDALAND FYLKESKOMMUNEN 2012 - 2025

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

.....

12.09.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Fellesframlegg v/Karl Bård Kollbotn (Frp):” Samnanger kommune går inn for alternativ 0 i saksutgreiinga.

Grunngjeving:

I alternativ 1B vert lagt opp til at det sannsynleg er betre å samla dei ulike fagområda på einskilde skular, for å styrke fagmiljøa. Det er ein hake ved dette, når det vert nødvendig å legge ned godt fungerande skular som igjen fører til at det vert eit mindre tilbod fleire stader. Mange fleire 16 åringar må då flytte på hybel, og langt fleire foreldre må sponse borna i

vidaregåande. Det vert ei sentralisering av mange unge, som ikkje vil få den oppfølging mange treng.

Vidare kan ein velfungerande mindre skule lettare fanga opp dei som strever.

Vaksne over 25 år vil ikkje få eit tilbod der dei bur, men må reise noko som ikkje alle har høve til det (familie etc.).

Nokre skular får redusert elevtalet og det kan føra til redusert fagmiljø og fagtilbud.

Det er i dag mogleg for elevane å legge opp til eit løp med 2+2, som er to år på skulen og/eller eit løp der ein kan ta fleire år i bedrift, dersom det er det eleven vil. Samarbeid med næringsliv blir viktig, og innan helse. (sjå stortings.mld. 30 frå Utd.dep.)

Departementet meiner at 2 + 2-modellen er føreseieleg og sikrar både lærlingar og bedrifter. Modellen synes å fungere for de fleste elever og lærlingar og taler for at hovudmodellen bør oppretthaldast som i dag. Samtidig er modellen blitt gjort noe smidigare ved at ungdom som ønskjer det, får moglegheit til å følgje eit alternativt løp. Dermed er det sikra ein fleksibilitet i tilbodsstrukturen for dei som ønskjer det. Departementet foreslår derfor å vidareføre dagens 2 + 2-modell med adgang til den fleksibilitet som er gitt i lovendringa av 27. juni 2003.St.meld. nr. 30 (2003-2004). ”

Framlegget vart samrøystes vedteke.

OO-021/12 VEDTAK:

Samnanger kommune går inn for alternativ 0 i saksutgreiinga.

Grunngjeving:

I alternativ 1B vert lagt opp til at det sannsynleg er betre å samla dei ulike fagområda på einskilde skular, for å styrke fagmiljøa. Det er ein hake ved dette, når det vert nødvendig å legge ned godt fungerande skular som igjen fører til at det vert eit mindre tilbod fleire stader. Mange fleire 16 åringer må då flytte på hybel, og langt fleire foreldre må sponse borna i vidaregåande. Det vert ei sentralisering av mange unge, som ikkje vil få den oppfølging mange treng.

Vidare kan ein velfungerande mindre skule lettare fanga opp dei som strever.

Vaksne over 25 år vil ikkje få eit tilbod der dei bur, men må reise noko som ikkje alle har høve til det (familie etc.).

Nokre skular får redusert elevtalet og det kan føra til redusert fagmiljø og fagtilbud.

Det er i dag mogleg for elevane å legge opp til eit løp med 2+2, som er to år på skulen og/eller eit løp der ein kan ta fleire år i bedrift, dersom det er det eleven vil. Samarbeid med næringsliv blir viktig, og innan helse. (sjå stortings.mld. 30 frå Utd.dep.)

Departementet meiner at 2 + 2-modellen er føreseieleg og sikrar både lærlingar og bedrifter. Modellen synes å fungere for de fleste elever og lærlingar og taler for at hovudmodellen bør oppretthaldast som i dag. Samtidig er modellen blitt gjort noe smidigare ved at ungdom som ønskjer det, får moglegheit til å følgje eit alternativt løp. Dermed er det sikra ein fleksibilitet i tilbodsstrukturen for dei som ønskjer det. Departementet foreslår derfor å vidareføre dagens 2 + 2-modell med adgang til den fleksibilitet som er gitt i lovendringa av 27. juni 2003.St.meld. nr. 30 (2003-2004).

SAKNR. 022/12

AVTALE MED SYNS OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE - HORDALAND 2013-2016

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune godkjenner ny avtale for Syns- og Audiopedagogisk Teneste i Hordaland, for perioden 01.01.2013 – 31.12.2016 slik den ligg føre.

12.09.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes.

OO-022/12 VEDTAK:

Samnanger kommune godkjenner ny avtale for Syns- og Audiopedagogisk Teneste i Hordaland, for perioden 01.01.2013 – 31.12.2016 slik den ligg føre.

SAKNR. 023/12

GODKJENNING AV PLAN FOR FOLKEHELSE I SAMNANGER KOMMUNE

12.09.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Sigmund Dyrhovden (Krf) sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune godkjenner Plan for folkehelse i Samnanger kommune 2012-2020 slik den ligg føre datert 12.09.12. ”

Utvalet ønskjer at politiet kjem til kommunestyret og orienterer om status på førebyggande arbeidet i Samnanger.

OO-023/12 VEDTAK:

Samnanger kommune godkjenner Plan for folkehelse i Samnanger kommune 2012-2020 slik den ligg føre datert 12.09.12.

SAKNR. 024/12

SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE TIL SAMNANGER SKULEMUSIKKLAG

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samanger kommune løyvar kr 20 000 til Samnanger skulemusikklag. Midlane tas frå 14705.1500.2310 ”Tilskot barn og ungdomsarbeid, Prosjektstøtte – forskottering”.

12.09.2012 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

OO-024/12 VEDTAK:

Samanger kommune løyvar kr 20 000 til Samnanger skulemusikklag. Midlane vet dekkja frå 14705.1500.2310 ”Tilskot barn og ungdomsarbeid, Prosjektstøtte – forskottering.

